

VEDTEKTER FOR KRIK SYKKYLVEN

§ 1 FORENINGAS NAMN

Foreiningas namn er KRIK Sykkylven og vart stifta 06.08.2013.

§ 2 FORMÅL

- 1) Formålet med Kristen Idrettskontakt (KRIK) er å bevare, inspirere og vinne idrettsfolk til kristent liv både i idrettslag og kyrkjelyd.
- 2) KRIK ynskjer å inkludere idrettsfolk frå forskjellige trus- og kyrkjesamfunn. KRIK bygger på det objektive frelsesgrunnlag som er lagt ved Jesus Kristus og hans soning for våre synder og hans oppstandelse til rettferdiggjøring slik som det står uttrykt i Den Helilage Skrift og i den apostoliske truvedkjenninga.

§ 3 VEDKJENNING

Berre dei som vedkjenner seg som kristne og er positivt innstilt til KRIK sitt arbeid, kan veljast eller oppnemnast til tillitsverv innan KRIK.

§ 4 JURIDISK PERSON

Foreininga er sjølveigd og ein frittståande juridisk person med upersonlig og avgrensa ansvar for gjeld.

§ 5 MEDLEMMAR

Medlemskap er opent for alle.

Tilslutning til lokallag skjer ved innmelding i lokallaget.

Ved å være medlem i KRIK Sykkylven, blir man også medlem av KRIK sentralt.

§ 6 STEMMERETT OG VALGBARHET

Alle medlemmar har stemmerett og er valbare til tillitsverv i foreininga, så lenge medlemskontingenoten for inneverande år er betalt.

§ 7 KONTINGENT

Kontingenoten blir fastsett av årsmøtet og betales forskotsvis

§ 8 ÅRSMØTE

Årsmøtet som skal haldast minimum kvart andre år, og er foreiningas høgaste myndighet.
Alle medlemmar har møte-, tale-, og stemmerett.

Årsmøte skal behandle:

- 1) Årsmelding
- 2) Regnskap for føregående kalenderår
- 3) Val av styre (6-7 medlemmar, 3-4 på val kvart år)

Styret er høgaste vedtaksmyndigkeit utanom årsmøta.

§ 9 ARRANGEMENT

Det er ikkje anledning til å bruke eller ha med alkohol eller andre rusmidlar på arrangement som KRIK Sykkylven har ansvaret for. KRIK's arrangement er ei rusfri sone.

§ 10 LOVENDRINGAR

Lovendringar kan skje av årsmøtet ved 2/3 fleirtall. Endringar i § 1 og 2 kan ikkje finne stad utan ved at KRIK Sykkylven blir oppløyst og vidareført i andre formar.

§ 11 OPPLOYSING

Dersom KRIK Sykkylven blir oppløyst eller melder seg ut av KRIK,
skal dei økonomiske midlane og eigendelane overførast til Sykkylven sokneråd for bruk til
tverrkjerkjelege tiltak for ungdom i bygda.